

---

**Fra:** Jon Askeland  
**Sendt:** 11. februar 2014 11:29  
**Til:** Rune Heradstveit  
**Kopi:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Sak til Regionrådet

Radøy ungdomsråd hadde Taco-møte med Radøy kommunestyre den 6. februar.

Under møtet vart kommunepolitikarane utfordra i ein del spørsmål som vedkjem ungdommane i kommunen. Ei av sakene var kommunestrukturprosjektet i Nordhordland.

Det kom fram i drøftinga synspunkt på at eventuelle endringar i kommunestrukturane først og fremst vedkjem dagens barn og unge. Det er heilt naturleg at ungdomsråda vert tatt aktivt med i prosessen, og Radøy ungdomsråd og Radøy kommunestyre oppmodar om at ungdomsråda i Nordhordlandskommunane dannar ei felles referansegruppe som vert tatt med i det vidare utgreiingsarbeidet.

Ordføraren fekk i oppdrag å fremja dette synet i neste Regionrådsmøtet, og å oppfordra dei andre kommunane til å ta initiativ til felles ungdomsrådsgruppe i kommunestrukturarbeidet.

Eg ber om at denne e-posten vert tatt opp i førstkomande Regionrådsmøte.

Med helsing  
Jon Askeland  
Ordførar  
Radøy kommune  
Tlf 47 45 97 20  
Tlf 56 34 90 10  
[WWW.radoy.kommune.no](http://WWW.radoy.kommune.no)

